

Revisjon av konsesjonsvilkår Ulla-Førre

Uttale fra Ulla grunneigarlag

Ulla elveeigarlag vil med dette levere sin uttale til revisjonen av konsesjonsvilkår for Ulla-Førre. Me har som utgangspunkt at denne revisjonen kan og bør gjerast etter mal frå Stra-Kvina den 14.11.1998 avtale med konsesjonsløyveren i gje til grunn. Dette for å få mest mulig omfattende og berekraftige løyvingar for interessene knytt til elva, og for å få til ei levebrytting vassføring så snart som råd.

Historikk

Ullabalen og elva Ulla har fått namnet etter Ull, guden for iva kamp og jakt. Menneske som har bodd her ja kja reinskøy og bjørn i Dyrhalet, austi for Ullabalen. Frå tidleg 1600-tallet er det registrert bussetnad i Ullabalen. Lenger ned langs elveløpet, har det bodd folke sidan 300-400 e. Kr. Elva var i bruk til mykje, også til fletting av ved og segborst. La kes- og sjøaurefiske har opp gjennom århundre vore ein viktig del av matauken og livet langs hella den anarome delen av vassdraget som er på ca 118 km, frå Valdå i sør til Holmen i aust. I 1887 skre den engelske sportsfiskeren Walter Arden seg fiskerettane langs hella Ulla i 210 år. Dette var del av eit stonstil eksperiment, kon Sulbals ågen var sentral, med sikte på freining, fonsking og kulivering av la kesstamma for sportsfiske. Mellom anna skre Arden ha kosita på ei la keslepp i elva i ke ved utløpet av Lupsåna. Arden-epoken blei startet på ei mein bevissit saling på fribesfiske og elva som ein re selvstessus. Ulla-la kesen var (og er) eit trena kja og kare kiterstiske ved ein kraftige og robuste form. Mot alle odds og mot alle spådommane frå eksperitane på Ulla-Førre-utbygginga blei realisert, har la kesstamma overlevd, tross i alt elva til tider i praksis har vore helti tørtlagd. En fiskebologisk rapport som Steilkraft i ke 22 utarbeid i 2012 viser at teit el kem av la kesyngel i elva engd, medan innslaget av sjøaure er kritisk lågt.

Kona til Walter Arden, Alira, var ein dugande fotograf og har tatt fleire motiv frå Ulla i denne perioden, mellom anna dette frå utløpet i Jøsenfjorden ved Valdå.



Foto: Alira Arden, tatt ca år 1910.

Ulla renn gjennom Suldal og Hjelmenåd kommunar i Rogaland, og har si utispring frå Holmevatnet (11164 moh) på grensa mellom Suldal og Bjåle. Ho renn mot vest, seiere mot sør og endar til Jøsenfjorden, ein arm av Bokrafjorden. Nedbørstetlet er 880 km². Ulla blei utbygd saman med det sjømannforlgjende Førre-vassdraget, i tillegg til seks omlgjende småvassdrag ved overføring til Suldalvatnet. Se Ulla-Førre.

Staten sikra seg rettane i Ulladalsåna i åra 1912–1916.

1971: Statskraftverkene la fram ein generalplan i 1971, men utbygginga vart først vedtatt av Stortinget 13. juni 1974, og då med mange endringar i forhold til den første planen.

1974: Anleggsarbeidet kom i gang hausten 1974 og varte ut 1988.

1982: Ulla-Førre vart opna i 1982 av Kong Olav V. Ulla-Førre-utbygginga var Nord-Europas største utbygging med mange store utfordringar. Det vart bygd over 20 store og små dammar, om lag 40 bekkeinntak, 100 km ny veg berekna på tung anleggstrafikk og over 100 km tunnelar og sjakter. I august 1989 vart Bjåsjø fylt opp for første gong.

2004: Pumpe 1012 vart sett i drift, og ein kunne starte pumping av vatn frå Vatn 1012 til Blåsjø. Dette gir om lag 8 Gwh/år ny kraft.

2008: Statkraft søkte konsesjon for Blåfjell pumpe. Potensialet er 36 GWh.

(Kjelder historikk: Ryfylkemuseet, Statkraft, Suldal kultursoge, Gamle Suldal, Hjelmeland – Gardar og folk (Bind 1), Stavanger Aftenblad og Johannes L. Hjorteland).

Dagens situasjon

Først ei avklaring om namn: Ulla grunneigarlag meiner at elva heiter Ulla frå øvst til nedst i vassdraget.

Nemninga «Ulladalselva» eller «Ulladalsåna» er så vidt me kjenner til feil namnsetjing på elva.

Ulla er i dag på mange måtar ei død elv, noko som sjølv sagt også påvirkar omgivelsane, både naturmessig og næringsmessig. Til dømes er det i dag bare ein familie att i Ulladalen, etter at dalen ei stund faktisk var heilt folketom. Nå skal ikkje utflyttinga tilskrivast reguleringa av Ulla åleine, men det er eit faktum at strupinga av dette vassdraget har fråtatt grunneigarar og andre mulegheita til å kultivera elva sine ressursar, om det er lakserettar, reiselivsbasert næringsliv eller anna. Vassføringa er til tider så lita at ho innimellom ser ut til å vera heilt tørrlagd. Dette har ikkje bare konsekvensar for fisken, men også for korleis elva framstår i landskapet. Ikkje minst er dette særleg synleg om sommaren, ein konsekvens som reduserer naturkvalitetane som turistar og andre forventar å finna i Norge.

Brukarinteressene er i utgangspunktet store i Ulla, rett og slett fordi elva ligg nær inntil til busetnad, og er tilgjengeleg for folk flest. Ho befinn seg i eit område som er stadig meir populært for hyttefolk og turistar, jf. dei storstilte hytteutbyggingane i Gullingen-området. Men dagens situasjon gjer at ein ikkje kan hausta av dette potensialet, og ein er dermed fråtatt ein mulegheit til å skapa naturbaserte arbeidsplassar som igjen ville ha sikra busetnad langs vassdraget. Det store paradokset når det gjeld Ulla, er at laksestammen har overlevd trass i den totale reguleringa elva har vore utsett for. Sjølv utan minstevassføring har antatt uttak av laks vore på inntil 1 tonn i året (jf. statistikk frå Stavanger Jeger- og fiskeforening). Dette tyder på at sjølv ei minstevassføring som representerer eit energitap på 5 % for Statkraft (som NVE og Miljødirektoratet skriv i «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 - Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering» (s. 149)) vil kunna ha ein stor og positiv effekt på livet både i og langs elva.

Konkrete tiltak føreslått av Ulla grunneigarlag

Ulla elveigarlag ønskjer at dei forbetrande tiltaka tar utgangspunkt i CEDREN (Centre for environmental design of renewable energy) sin modell som er presentert i «*Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag*» (Red. Forseth/Harby – 2013). Denne modellen er brukt i samband med revisjonen av Sira-Kvina-konsesjonen, og me ser denne som eit godt utgangspunkt for å få til ein frivillig avtale som både vil gagna konsesjonæren Statkraft og dei allmenne interessene. Kort sagt tar

modellen føre seg korleis ein greier ut, utviklar og gjennomfører tiltak som betrar forholda for laks og sjøaure samstundes som ein tar omsyn til kraftproduksjon. Modellen vil femna om alle dei punktvisse forslaga me nemner herunder, derfor vil me nøya oss med ei kortfatta grunngiving for kvart enkelt punkt her:

Minstevassføring:

Dette er hovudpunktet i vår argumentasjon, og me ber om at revisjonen tar utgangspunkt i Klima- og miljødepartementets godkjenning av regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland for planperioden 2016-2021 av 4. juli 2016 (som er i tråd med EUs vassdirektiv). Her står det at: «*Det er to vassdrag i kategori 1.2 i rapport 49:2013 som er gitt miljømål som krever minstevannføring, henholdsvis Ulla (lakseførende strekning) og Førreåna (lakseførende strekning). Dette er begrunnet med mindre krafttap enn det som er lagt til grunn i 49:2013*». I NVE og Miljødirektoratet sin rapport 49:2013 «*Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 - Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering*» som den regionale vassplanen refererer til, er det ei klar tilråding om å innføra minstevassføring i Ulla for å sikra den sårbare situasjonen for laks og sjøaure (s. 149 i rapporten). Ulla grunneigarlag støttar denne tilrådinga, men me er også villige til å diskutera ei ordning med manøvreringsreglement, dersom det kan leia fram til ein raskare og frivillig avtale med Statkraft – etter mal frå revisjonen av Sira-Kvina.

Biologiske faktorar:

Me meiner det må gjerast ei biologisk undersøking av vassdraget for å dokumentera kva konsekvensar reguleringa har hatt og for å danna grunnlaget for ei faktabasert forvaltning av elva. Ei slik kartlegging ser ut til å vera ein grunnleggjande del av CEDREN sin modell for revisjon av regulerte vassdrag. Ei slik undersøking må tar føre seg både plante- og dyreliv i og ved elva.

Tilrettelegging for ferdsl og friluftsliv langs elva:

I dag er det Statkraft som forvaltar fiskerettighetene i Ulla. Desse blir leigde ut til Stavanager Jeger- og fiskeforening som igjen sel fiskekort til allmenta. Det er ein viss usikkerhet knytt til fangsttala, sidan det er grunn til å tru at ikkje all fangst blir rapportert inn. Men ut frå dei tala ein har, er det rimeleg å anta at årleg laksefangst ligg på mellom 600 kg og 1 tonn. Ut frå det faktum at Ulla er totalregulert og det ikkje blir sluppe ein liter minstevassføring, er dette sær gode og oppløftande tal. Det er derfor all grunn til å tru at ei minstevassføring og/eller eit manøvreringsreglement vil kunna bidra til auka fangst og dermed også for fiskebasert reise- og næringsliv langs elva. I samband med dette må ein sjå på tiltak for å letta adkomsten til dei mest aktuelle fiskestadene og få på plass avtalar med grunneigarar og andre for å leggja til rette for eit aktivt friluftsliv langs elva.

Sommarvasstand:

Ulla grunneigarlag legg til grunn at det gjennom minstevassføring og/eller ved manøvreringsreglement blir lagt opp til ei vassføring om sommaren og i andre periodar som kan sikra laksen sine vandre- og gytebehov på ein slik måte at laksestammen aukar monaleg frå dagens nivå.

Tersklar og/eller vasspeil i elvar og bekkar:

Tersklar som er bygde for å oppretthalda vasspeilet i elva gir ofte grunne elvestrekningar med låge vasshastigheter, noko som kan vera ugunstig for laksen. Ved å fjerna eller byggja om tersklane kan vandringsmulegheitene ved låg vassføring bli betre.

Erosjonssikring:

Det må greiast ut behovet for erosjonssikring langs heile vassdraget, både med tanke på å hindra utgliding av massar og for å sikra mot flaum.

Endringar i levevilkår for fisk og eventuell fiskeutsetting:

Laksestammen i Ulla har overlevd mot alle odds og viser at dette er ein sær s levedyktig og livskraftig villaks. Verre står det til med sjøaurebestanden, som nå er i ferd med å forsvinna heilt. Det er eit viktig argument for å få på plass ein rask revisjon, viss ikkje risikerer me at åra går og sjøauren forsvinn heilt. Det bør derfor vurderast utsetting av smolt, både laks og sjøaure, for å få opp bestandane. Ein må også greia ut tiltak som hindrar iblanding av oppdrettslaks i Ulla-laksen.

Biologiske faktorar:

Vasskvaliteten må kartleggjast for å sjå om denne er av optimal kvalitet for livet i elva, om det er laks, sjøaure eller andre livsformer det gjeld. Ved behov, må aktuelle tiltak iverksetjast, så som kalking ved for surt vatn.

Bekkekløfter:

Det må også gjerast vurderingar om dagens regime er forsvarleg med tanke på bekkekløft-liknande område i Ulla. Her vil det vera eit stort potensiale for at raudlisteartar er truga utan minstevassføring.

Biotopjusterande tiltak:

Det må greiast ut mulegheita for å få til biotopjusterande tiltak, så som utlegging av stein til gyte- og skjulestader for laksen. Utlegging av gytegrus og av stein for å skape skjul for fisken er andre eksempel på tiltak som betrar forholda. Det bør byggjast laksetrappor i dei partia av elva der det er naudsynt for å betra ferdselen for laksen. Ein bør også fjerna stengsel i elveleiet som hindrar laksen å gå opp elva, mellom anna ved utlpet av Jupsåna i Ulla.

Andre forhold:

a) Lokkeflaumar: Sleppe meir vatn i ein periode for å lokka den gyteklare laksen til å gå opp i elva eller å få smolten på rett kurs ned elva.

b) Overføring av fiskerettane til Ulla elveeigarlag: Grunneigarane bør forvalta fiskerettane som er knytt til elva, for å sikra lokal verdiskaping og bidra til lokalt engasjement for den naturmessige rikdommen vassdraget representerer.

c) Utgreiing av uutnytta kraftressursar i vassdraget: Det bør greiast ut mulegheita for auka kraftproduksjon i tilknytning til dette vassdraget som ikkje går på bekostning av dei miljømessige utbetringane – etter modellen frå CEDREN.

d) Innan 5-6 år vil den norske straummarknaden bli endå meir knytta til Europa, grunna straumkablar til England og Tyskland. Viser då særskilt til kabelen som skal gå til England frå Suldal, som er venta å vera i drift i 2021. Dette aukar forsyningsstryggleiken for straum. Dermed må det vera eit auka handlingsrom for straumproduksjon ein kan gi avkall på frå Ulla, noko som vil vera til gunst for laksen, miljøet og naturen.

e) Det er i dag i Suldal kommune småkraftanlegg som åleine produserer over 100 GWH, ifølgje tal frå Suldal Elverk. Dette er kraftproduksjon som er etablert etter Ulla-Førre-utbygginga. Dette peikar også klart i retning av at det er eit handlingsrom for minstevassføring i Ulla, sidan heile eller store delar av tapt energiproduksjon alt er dekkja av småkraft.

f) I overnemnde rapport 49:2013 framgår det av pkt 6.6 på side 40 at tilsiget av vatn auka med 2-4% frå 1981 til 2010. Dette er ei utvikling som er forventa at vil fortsetja. Dette er også eit klart moment som gir grunnlag for minstevassføring i Ulla, fordi dette må vera tilsig som er rein bonus i forhold til opprinnelege kalkylar.

g) Det er i dag terrenginngrep som leier tilsig til Ulla til pumping. Dette er terrenginngrep som kan fjernast utan at det påvirkar samfunnet sin produksjon av straum, vatnet vil bli fanga opp av småkraftanlegg. Nettoeffekten blir av dette blir mindre terrenginngrep og auka vassmengde i store delar av Ulla.

h) I samband med prosjektet «Elvelangs» blei det oppretta ein rasteplass på Vadla. Denne treng vedlikehald. Det er et ynskje at også denne vært teken omsyn til i revisjonshandsaminga.

Avsluttande kommentarar:

Konsesjonen til utbygginga av Ulla-Førre blei gitt 13. september 1974. Frå den gong fram til i dag har viljen og kanskje mest av alt kunnskapen for å kunna ta vare på natur og miljø auka mykje. Viser då blant anna til Vassdirektivet av 22. desember 2000 med etterfølgande klargjeringar, Bernkonvensjonen av 1. juni 1982, grunnlovfestinga av naturvernet i dagens § 112 den 25. mai 1992 og Naturmangfoldloven fra 1. juli 2009.

Det er også ei rekke andre element som ikkje er nemde her som viser ei utvikling i klart meir naturvenleg retning. Ser ein konsesjonsvedtaket av 1974 i lys av den etterfølgjande utviklinga, må det kunne seiast å vera eit konsesjonsvedtak kor miljøomsyna byggjer på «steinalder»-metodikk. Sagt på ein annan måte; eit tilsvarande inngrep i dag ville ha blitt vurdert på ein annan måte. Viljen til å ofra naturverdier, slik tilfellet var, i 1974 blir i dag sett på som oppsiktsvekkjande og utenkjeleg.

Derfor er det ei klar forventning om at revisjonsprosessen skal få Ulla til nåtid og ut av «steinalder»-epoken med tanke på miljøvern. Dei grunnleggjande økosystem-vurderingane som dagens vernereglar legg opp til, må også bli gjort gjeldande fullt og heilt for Ulla.

Stavanger 27. april 2017



Kjartan Hjorteland

Formann Ulla elveeigalag